



IL BRODD



Årsmelding 2015



Medlem av:

Sogn og Fjordane Fotballkrins, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Handballkrins og Norges Vektløftarforbund.

TILLITSVALDE I BRODD 2015:

Leiar: Bjarne Rygg

Nestleiar: Einar Gimmestad-Ny 2015

Kasserar: Hilde Mellingen
(Kun økonomi, Accountour)

Sekretær: Liv Rand Teige

Styremedlemer: Giedre Cepukeniene
+ Alle gruppeleiarane

Vara1: Rune Gimmestad

Vara2: Jon Pedersen

Friidrettsgruppa:

Daniel Dyrnes - **Leiar**

Runar Drage – Ny 2015

Jørund Årdal

Nina Engelbrektson

Ann Christin Bjørnereim-Ny 2015

SFT-gruppa:

Terje Arnestad – **Leiar**

Kurt Gimmestad

Tom Wilke

Jan Wiggo Rygg

Lars Endre Gimmestad

Trimgruppa:

Ingunn Berg – **leiar-Ny 2015**

Eva Holme

Magnar Rauset

Wenche Thomas-Ny 2015

Håvard Skogli-Ny 2015

Valgt av Årsmøte i Runnevang

Korrigert under styremøte i Runnevang 30.03.2015

Merknad: Naudsynt korrigerings pga «unormal» framgangsmåte av valnemnda 2014. Fleire av dei nyvalde fekk ei anna framstilling av rolle enn kva dei reelt vart valt inn i.

Nyvald leiar i valnemnda er ikkje komfortabel med rolla han er vald inn i då valnemnda aldri gav han informasjon om det var som leiar han var tiltenkt.

Plassnemnda:

Petter Olav Rygg– **Leiar**

Ole Jens Grov

Christen Henning Arnestad

Morten Rygg

Eelco Schrama

Vektløfting:

Jørund Årdal - **Leiar**

Magne Devik

Jon Atle Ravnestad

Valnemnd:

Ronny Solheim – **Leiar-Ny 2015**

Grethe Jakobsen-Ny 2015

Egil Ravnestad-Ny 2015

Revisorar:

Svein Ravnestad & Magne Devik.

Vara: Jan Wiggo Rygg



Årsmøte i IL Brodd

vert halde i

Småsalen i Runnevang

Torsdag 10.mars 2015

Kl.19.00

(Kunngjort i Firda Tidend 30.01.2015)



Saksliste:

1. Godkjenning av saksliste og innkalling.
2. Val av ordstyrar, sekretær og to til å skrive under møteboka.
3. Årsmelding for 2014
4. Ny Lovnorm for Idrettslag, frå Sogn og Fjordane Idrettskrins
5. Ansvarleg for politiattest og barneidrett i idrettslaget
6. Rekneskap for 2014
7. Budsjett for 2015
8. Val

(Årsmeldinga er lagt ut på Sjedu.no og vert utlagt i nokre eksemplar i Runnevang)

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2015

Hovudstyret:

Bjarne Rygg	Leiar	(2013)
Einar Gimmestad	Nestleiar	(2015)
Hilde Mellingen	Kasserar	(2013)
Liv Randi Teige	Sekretær	(2013)
Gruppeleiarane	Styremedlem	(Ny vri 2012)

1 vara:	Rune Gimmestad
2.vara:	Jon Arne Pedersen

Aktivitet i styret:

Styret i Brodd har hatt 4 møter i løpet av året.

I tillegg har styret og gruppeleiarane hatt jamnleg kontakt gjennom bruk av epost. Som alternativ til å halde møte, har epost vore nytta til å ta opp, og avgjere sakjer på ein god og effektiv måte. Det meste av informasjon vert vidaresendt på epost, samt organisering av aktivitetar og andre arbeidsoppgåver.

Fordeling av viktige verv og oppgåver i styret:

Daniel Dyrnes har vore Brodd sin representant i styret for A/L Runnevang.

Einar Gimmestad har representert Brodd og styret i mange høve gjennom året.

Bjarne Rygg ville møtt i Gloppen Idrettsråd, men det har dessverre ikkje kome innkalling derifrå.

Jørund Årdal deltok i ymse møter og saker med GFIL

Hovudfokus i 2015:

Styret har som vanleg i 2015 hatt fokus på å halde våre etablerte idrett- og trimtilbod levande og attraktive. Fjelltrimmen som stadig veks og som må seiast å vere høgst populær i bygda.

Georeg-systemet er iverksatt og nye brukarar melder seg.

Vår SFT-gruppe har hatt stor aktivitet med dei yngste gruppene. Fotball, handball og ski har engasjert mange. Vi har hevda oss i stafett og på friidrettsbana, og ikkje minst på vektløftararenaen! Breidde og spissing så godt som vi kan få til i ei lita bygd. Dette er takka vere engasjerte leiarar, trenarar og foreldre. Vi i styret bidreg med å legge til rette og sikre ressursar og midlar er på plass.

Mange legg ned mykje innsats, men vi vil også i år trekke fram idrett ungdom der Jørund Årdal gjer ein framifrå jobb med våre utøvarar i friidrett kast og vektløfting. Det vert lagt ned eit imponerende treningsarbeid og det har også i 2015 resultert i mange gode plasseringar i meisterskap som KM, NM / UM og Nordisk. Trenar og utøvarane har i mange år vore gode ambassadørar for Brodd, og siste sesong er ikkje noko unntak. Tvert imot! Styret i Brodd er svært tilfredse og vil bidra til å legge til rette for at vidare satsing på idrett ungdom kan halde fram i dei komande år.

Treningslokale i Rygg Skule:

Saman med Utviklingslaget engasjerte styret i Brodd seg noko med å sikre at bygda kunne ha styringa med framtida for skulebygget og kven som skulle få kjøpe/leige/bruke huset. Dette resulterte i at Brodd sin vektløftaraktivitet vart flytta inn i gamle gymsalen i gamledelen. Vi er tilfredse med den nye løysinga.

NM friidrett Byrkjelo:

Brodd bidrog med dugnadsinnsats som ein del av avtala «alliansen» mellom idrettslaga i kommunen. Brodd vart tilgodesett med kr 20 000,- for denne innsatsen.

Opprusting / rehabilitering av Loggane:

Årsmøte 2014 beslutta å starte opp eit prosjekt med å legge betre til rette for friidrett kast på Loggane. Flytte og auke med fleire kastringar, samt lage litt betre fasilitetar og samtidig legge til rette for fotball i den andre enden av anlegget. Ei gruppe vart nedsatt med Einar Gimmestad som leiar. Planløyising og utkast til skildring av tiltak med plan for finansiering er utarbeidd, men ikkje endeleg formalisert i skrivande stund. Det skal søkjast om offentlege midlar som ein del av finansieringa. Loggane må bli den store kast-arenaen i kommunen. Det forventast at Kommunen, Krinsen, GFIL og andre idrettslag stiller seg bak.

Sponsorinntekter:

Det har ikkje vorte innhenta noko særskilt av sponsorinntekter i 2015 utover «småtteri» relatert til basarar og Broddnytt.

Økonomi:

I 2015 har vi hatt stor aktivitet og med det eit godt driftsår. Økonomien i laget er vorte litt styrka og framstår som sunn og god. Årets driftsresultat er på 65 000,-. Hovudinntektene våre har vi framleis gjennom Broddmarknaden, dugnad, medlemspengar, treningsavgift og tilskot frå NIF og kommunen. Også i 2014 har Brodd delteke med ein stor tropp på dugnad i samband med SandaneDagane i august. I mai og i november stilte vi opp en bra gjeng på varetelling på Rimi. Brodd får gode tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer, og det er kjekt! Styret vil takke alle, som på ulike måtar har delteke i dugnadsoppgåvene, for innsatsen!

Gjennom året har styre arbeidd med følgjande oppgåver / saker:

- Førebudd og gjennomført årsmøte.
- Organisert dugnad i samband med Sandane dagane og varetelling på RIMI.
- Organisert og koordinert treningane i Runnevang for inne-sesongen, i tett samarbeid med gruppene og nokre engasjerte foreldre.
- Innkrevjing av medlemspengar og treningsavgift.
- Nytt Sjedu.no og facebook-sida til Sjedu til å få ut informasjon, bilder og nyheitsstoff. Bruk av desse mediene vil vi framleis ha fokus på å utvikle, i samarbeid med øvrige lag og organisasjonar på Sørstranda.
- Styre har i samarbeid med gruppeleiarane gitt ut eit vår - og haustnummer av Broddnytt, både som papirutgåve og på Sjedu.no.
- Arrangert Broddmarknad der vi fekk inn ca. **40 000,-** kr. netto.

Medlemstal 2013:

Jenter (0-19)	Kvinner	Sum
Gutar (0-19)	Menn	Sum

Totalt:

Tal medlemar har ikkje endra seg vesentleg samanligna med 2014

Medlemspengar/Treningsavgift :

Satsane for medlemspengar og treningsavgift har ikkje vore endra sidan årsmøte for 2007. Gjeldande satsar er:

	Medlemspengar	Treningsavgift
Familie	500.-	600.-
Vaksne	250.-	400.-
Barn	100.-	200.-

Årsmelding frå trim- og idrettsmerkegruppa 2015

Trim- og idrettsmerke gruppa har hatt følgjande samansetning i 2015

Ingunn Berg - leiar

Wenche Thomas, Magnar Rauset, Mariann Rauset, Håvard Skogli og Eva Fitje Holme


Gruppa har hatt fleire møter, telefonar og samtaler gjennom året.

Idrettsmerke

Det var 7 personar som tok idrettsmerke i år. 1 kvinne har kvalifisert seg til merke. Anny Gimmetstad fekk tildelt 40-års idrettsmerke frå Norges Idrettsforbund under Idrettskonferansen på Skei i april

Fjelltrimmen

Fjelltrimmen hadde 11191 besøkande fordelt på desse:



- 167 personar hadde meir enn 50 poeng
- 70 fekk krus
- 13 gjekk Hardhausen
- 11 gjekk Juniorhardhaus
- 11 fullførde Miniharhaus

Fjelltrimmen 2015 viser at det er mange turglade folk på Sørstranda og Hestenesøyra, og at dei legg i veg uansett veir. Både små og store har gått til støylys og til topps i dei flotta fjella våre. I snitt var det 31 registreringar kvar dag gjennom heile sesongen - imponerande!

Samanlinkar vi med fjoråret er det ein tilbakegang, men dette synes vi ikkje er så rart om ein tenker på den flotte sommaren vi hadde i 2014 og kor lenge snøven låg langt ned i fjella i år. (Vi beklagar litt feilinformasjon kring dette på Broddmarknaden. Det viste seg at vi då samanlikna med tal frå 2013.) Men med totalt 11191 registreringar har dette vore ein flott tursesong. Takk for turen!

Alle trimpostane har nye bøker på plass, så det er berre å legge i veg på nye turar. Eller kanskje vi du bruke Georeg for å registrere deg denne sesongen? Uansett - god tur! :)

Beste helsing Trimgruppa
Ingunn, Wenche, Eva, Håvard og Magnar



Årsmelding frå friidrettsgruppa for 2015

Friidrettsgruppa har i år hatt denne samansetjinga:

-Leiar: Daniel Dyrnes

-Styremedlemmar: Runar Drage, Jørund Årdal, Nina Engelbrektsen, Ann Christin Bjørnereim

Sørstranda Rundt

72 deltok på årets utgåve av Sørstranda Rundt (mot 32 i fjor!). Best i konkurransen 7,7 km vart brødrene Eivind og Knut Olav Øygard frå Jølster IL. Vinnartida vart 24,03 min. I konkurranse 3,3 km hadde vi mange gode Broddarar som hevda seg i sine klassar. Best av dei alle var Aron Skogli for gutar og Jasmijn Koopmans i jente-klassa.

Lagsmeisterskap

Brodd har arrangert Lagsmeisterskap to gongar. Ein gong i mars med øvingane høgde og lengde i Runnevang. I september hadde vi Lagsmeisterskap på Loggane med øvingane lengde med tilløp, liten ball og 60m. Alle som deltok fekk utdelt diplom og premie på Broddmarknaden.

Loggane Open og Landslagssamling på Loggane

LO har vorte arrangert nesten kvar 14. dag frå april til oktober. Her har det delteke mange talentfulle utøvarar frå heile landet, men kanskje mest frå klubbar på vestlandet.

Landslagssamlinga på Loggane i vår var ein suksess, og det ryktast at ny samling til våren er under planlegging!

Det vert også meldt frå friidrettsgruppa om god deltaking og mange fine resultat er blitt bokført i dei mange Loggane Open-arrangementa som har vore i sommar.

Stafettar

Også i år stilte Brodd med lag i guteklassa både på Oldenstafetten og Breimstafetten. I olden fekk vi 6. og 9. plass, medan på Breim enda vi på ein fin 5. plass, ikkje långt bak dei som var på pallen.

Gloppenmeisterskapet og Sparebankleikane

Under Gloppenmeisterskapet og Sparebankleikane på Byrkjelo i sommar hadde vi fleire unge frå Brodd som fekk gode resultat i øvinga som dei deltok i. Resultat finn ein i Broddnytt Oktober-15

Stemner

Kastarane har vore med på stemner rundt om i landet og har vist til sær gode resultat. Eit høgdepunkt var UM i Haugesund.

Ny UM-medalje til Hans Sande

Hans Sande tok sølvmedalje i slegge med lengda 62,25 m. Dette var same resultat som vinnaren Jon Nerdal. Thomas Mardal, som frå tid til annan også er ein god «Broddar», fekk bronse.

Hans og Thomas deltok også for Noreg under Nordisk mesterskap i Finland i haust. Hans fekk ein fin 6. plass.

Regionsleikane for 13 og 14-åringar på Osterøy

Arne Osnes Devik og Håvard Lothe (G14) vart begge plukka ut til å representere Sogn og Fjordane Friidrettskrins under Bendit-leikane på Osterøy 5. og 6. september.

Arne deltok i fire øvingar: kule, diskos, slegge og spyd. Han sikra seg to sølvmedaljar desse dagane. I slegge tok han sølv med resultatet 43,55 meter. Her gjekk gullet til Ørjan Rygg frå Hyen med 44,49 meter. Sølv vart det også i diskos med 33,79 meter.

Håvard deltok i tre øvingar under Bendit-leikane: 200 meter, lengde og spyd. Han sette ny personleg rekord i lengde med 4,83 meter og sikra seg dermed ein bronsemedalje. Han fekk fine plasseringar også i dei andre øvelsane

Treningar

I sommarhalvåret har dei yngste 6-12 år, hatt treningar på Loggane ein dag i veka. Daniel Dyrnes har vore trenar, i tillegg til nokre foreldre.

Treninga for ungdoms-kastarane, har Jørund stått for.

Frå og med haustferien, har allidrett og handball for barn, og basistreningane i Runnevang gått sin gang.

Årsmelding frå vektløftargruppa 2015

Vellukka junior-NM vektløfting i Trivselshallen

Brodd og Breimsbygda IL leverte eit veldig godt NM-arrangement i vektløfting i Trivselshallen i april i år. For mange som opplevde ein slik konkurrans frå tribuna for fyrste gong, var dette ein veldig positiv opplevelse. Med ein god og interessant speaker, kombinert med ei informativ resultatavle, vart dette ein veldig spanande og fengande konkurrans å følgje med på. Og når Broddarane klinka til 2 NM-medaljar, så vart dette heilt maks! Vi Gratulerer Hans med Sølv, Håkon med bronse og Peter med ein fin 4. plass!

Bronsemedalje i NM vektløfting for lag i jr.-klassa

Første helga i desember stilte Brodd med juniorlag i NM i vektløfting på Vigrestad. På laget deltok Hans Sande, Evald Osnes Devik, Håkon Hjelle Roseth og Marcus Frøyset. Vi gratulerer våre dyktige løftarar nok ein gong!

For vektløftargruppa
Jørund Årdal

Årsmelding frå SFT Gruppa 2015 (Ski, Fotball og Turn gruppa)

SFT-gruppa har i 2015 vore samansett av:

Terje Arnestad, leiar

Kurt Gimmestad, Lars Endre Gimmestad, Tom Wilke og Jan Wiggo Rygg

Møter - Vi har hatt 2 møter, ellers direkte kontakt via telefon og sms.

Ski

På Loggane greidde vi å få til "Barn i løypa", ca 40 barn deltok her. Premiering på SFT basaren. Vi fekk også ein kort periode med god skeise-is i ballbingen.

Fotball

Nok ein sommar er over, og som vanleg er det fotballen som har vært hovudaktiviteten i gruppa. Ca 30 ungar har trena på Loggane denne sesongen. Vi har delt desse i 3 grupper (6-år, 7-8 år, og 9- 10 år). Vi har hatt 1 trening i veka. Det har som vanleg vore stor innsats og ungane har kosa seg på treningane. Vi har delteke med 4-5 lag på 4 turneringar i løpet av sommaren (Sandane, Breim, Innvik og Skei). Det er gutar 7 år, gutar 8 år, og 2 jente-lag i 9-års klassa. I 2 av turneringane stilte vi også med lag i gutar 6 år. Det har vore mange oppturar og nokre nedturar, noko som er viktig for ungane å lære seg. Desse turneringane er svært sosiale både for foreldre og barn. Sesongen blir som vanleg avslutta med pizza-fest i Runnevang.

Jenter 9-10 år (2005-2006) fekk også prøve seriefotball. Dei har spelt mot Heia, Eid og 2 lag frå Stryn. Her har Lars Endre Gimmestad vore og myndig og god trenar!

Allidrett

Er delt opp i 2 grupper, 1-3 klasse (ca10 stk) og 4-7 klasse (ca 8 stk). Eli Kristin Arnestad og Julie Varpe har stått for aktiviteten på treningane i haust. Her er målet at ungane skal få prøve litt av kvart, ha det kjekt og vere i aktivitet.

Basar –SFT-basaren vart gjennomført på vanleg måte. Loddsal og mykje premieutdeling.

Takk - Til alle trenarar og foreldre som har bidratt til å skape mykje flott aktivitet for ungane på Sørstranda.

Mvh Terje Arnestad.

Årsmelding frå plassnemnda 2015

Det vart gjennomført vårdugnad på Loggane.

Hovudfokus som vanleg, rydding, fjerning av busker og kratt, slådding og mosefjerning på bana, o.l.

Det vart også rydda opp i området rundt svingen ved kastburet. Og lagt på ny grus her og der. Spesielt vart det rydda opp i parkeringsområda i begge endane av Loggane.

For plassnemnda Petter Olav Rygg

Generelt:

Syner elles til 2 utgaver Broddnytt, April og Oktober, for utfyllende informasjon om aktivitet i IL Brodd

Vedlegg til sakliste, sak 4:

4. Ny Lovnorm for Idrettslag, frå Sogn og Fjordane Idrettskrins

E-post frå Sogn og Fjordane IK 19.01.2016:

Alle idrettslag må i 2016 oppdatere lova til idrettslaget.

Dette skal gjennomførast:

- Ta vedlagde lovnorm og fyll inn §2 (3) og §15 punkt 10,b)
- Legg inn ev. andre tillegg. (Endringar ikkje tillatt)
- Vedta den nye lova på idrettslaget sitt årsmøte.
- Sende den nye lova og årsmøteprotokollen til idrettskrinsen for godkjenning. Gjerne på e-post postsognogfjordane@idrettsforbundet.no .

De vil då få godkjent lov i retur frå idrettskrinsen.

Vedlegg til sakliste, sak 5:

5. Ansvarleg for politiattest og barneidrett i idrettslaget

E-post frå Sogn og Fjordane IK 19.01.2016:

Til idrettslag v/leiar
info til grupper v/leiar

Idretten skal vere ein trygg og god stad å vere!

Hugs å oppdatere ansvarleg for politiattest i laget på SportsAdmin etter årsmøte!

Alle idrettslag i Noreg er pålagt å krevje inn politiattest frå alle som utfører oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming (sjå § 18-2e i lovnorm for idrettslag).

Les meir på <https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/politiattest/>

Hugs å oppnemne ansvarleg for barneidrett i idrettslaget!

Gjeld for idrettslag som organiserer aktivitet for barn til og med fylte 12 år (sjå § 18-2f i lovnorm for idrettslag).

Sjå vedlagt brosjyre eller les meir

på https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/7d1ccf72f5a047dfac1b2124adaddf42/117_15_barneidrett_sbestemmelsene_lr.pdf

Her finn de meir om kva det betyr å vere barneidrettsansvarleg.

Elles oppmodar vi idrettslaget og gruppene til å spreie informasjon om bestemmelsane og rettighetene i barneidretten til trenarar, frivillige og foreldre/føresette!

Lukke til med idrettslagsarbeidet og -aktiviteten utover året!

Med sportsleg helsing

Sogn og Fjordane Idrettskrins

www.idrettskrinsen.no